

Takk for flott juleavslutning.

21.12.2016



Eit av innslaga på julefesten, Ei stjerne skinner i natt.

Fau ved Uskedalen skule vil takke alle for den flotte juleavslutninga som gjekk av stabelen i går kveld, tirsdag. Elevar fra alle klassetrinn hadde flotte framføringar av både songar og dans, dei var kjempeflinke. Det var ei flott stund i hallen. Det er komme masse ros og skryt fra foreldre og besteforeldre som var med på festen.

På vegne av FAU, vil eg sende ein kjempe stor takk til Somsri Døssland, for det flotte juletreet som FAU fekk til festen. Det var elevane i 7 klasse som stod for pyntinga av treet, det blei kjempe fint.

Eg vil og takke alle i FAU som stilte opp på dugnad både før og etter festen for å både pynte og rydde. Dåke gjorde ein kjempe jobb.

Tusen takk til alle saman.

FAU leiar, Anne Sofie Feet.

Foto: Lilli Britt Urheim
 Nett: Thor Inge Døssland